



**Vedtekter**  
**Norske**  
**Landbrukstenester**  
**Hordaland SA**



**NLT Hordaland**  
*- ditt lokale vikarbyrå -*

## § 1 Organisasjon.

Norske Landbrukstenester Hordaland SA. Org.nr. : 971 358 017 MVA nedafor kalla laget, er eit partlag etter samvirkeprinsipp med avgrensa økonomisk ansvar, vekslende kapital og medlemstal. Medlemene heftar ikkje for gjelda til laget. Laget sitt hovudkontor ligg i Kvam Herad.

## § 2 Føremål.

Laget si hovudoppgåve er å skaffa kvalifisert arbeidskraft til sine parteigarar/kundar. Laget kan og administrera andre former for samarbeidstiltak som kan bidra til å styrkja landbruket og vera utviklande for lokalmiljøet.

Laget skal yta tenester av høg kvalitet, vera tilgjengeleg og driva kostnadseffektivt i all si verksemd. Målet er at dette skal bidra til betre driftsresultat, arbeidssituasjon, trivsel og velferd for parteigarane.

## § 3 Ansvar.

Laget skal stå som arbeidsgjevar for dagleg leiar og andre kontortilsette. Dei kan og tilsetje avløyssarar og anna arbeidskraft med tilhøyrande arbeidsgjevaransvar. Arbeidsgjevaransvaret skal stå i forhold til arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrifter.

## § 4. Medlemskap

Laget skal vera ope for medlemskap for brukarar som har rett til tilskot for avløyssarutgifter og/eller får utbetalt produksjonstillegg etter forskrift om areal og kulturlandskapstillegg. Medlemer med stemmerett vert dei som har nytta laget sine tenester siste året.

## § 5. Rettar og plikter.

Kvar medlem har rett til hjelp for å skaffa arbeidskraft/avløyssing som er best mogeleg tilpassa deira behov. Medlemene må retta seg etter dei lover og reglar som er gjeldande for velferdsordningane. Når laget står som arbeidsgjevar for arbeidstakarane og betalar ut løn til desse, pliktar kvar medlem å betala sine kostnader til rett tid.

Laget skal ha tilgjengeleg, og gje medlemene informasjon og rettleiing om gjeldande lover og forskrifter for helse-, miljø- og tryggleik. Laget skal ha oversikt over krav som er særleg viktige for verksemda.

Kvart medlem har ansvar for at arbeidsmiljøet på garden er i samsvar med gjeldande reglar i arbeidsmiljølova, og har plikt til å gje informasjon og opplæring til arbeidstakarane etter AML og KSL sine krav.

Medlem som vert påført ansvarsskade, har sjølv økonomisk ansvar for eigendelen ved forsikringsoppgjøret.

## § 6. Disponering av årsoverskot

Årsmøtet skal vedta disponering av årsoverskotet, ved enten å godskriva eigenkapitalen, eller ved etterbetaling til lagets medlemer ( iht samvirkelova §27 )

## § 7 Utmelding/Eksklusjon.

Medlemer som bryt vedtektene eller føresegner som er gitt i medhald av desse, eller på annan måte forsømmer sine plikter ovafor laget, kan ekskluderast frå laget. Styret kan fremja slikt krav. Dei kan og fremja krav om skadebot for dei tap som laget er påført. Seinast 8 dagar før styret handsamar saka, skal medlemer ha skriftleg varsel, og få høve til å uttale seg innan ein rimeleg frist. Medlemer kan anka styrevedtaket inn for årsmøtet.

Det kan ikkje stillast krav om del av laget si eiga (formue). Utmeld/ekskludert medlem kan ikkje ha tillitsverv i laget.

## § 8 Årsmøtet.

Årsmøtet er laget sitt høgaste organ og skal haldast kvart år innan utgangen av april. Årsmøtet er samansett av 16 representantar valde av 4 krinsmøter.

I tillegg er styret og valnemnda automatisk utsendingar med røysterett til årsmøte.

Styret har ikkje røysterett ved godkjenning av årsmelding og rekneskap.

Innkalling og sakliste skal kunngjerast for dei valde representantane minst 14 dagar før årsmøtet.

Saker som ein medlem ønskjer å ta opp på årsmøtet, må vera komne skriftleg til styret innan 1.februar.

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller 1/3 av medlemene krev det.

Kvar representant har 1 røyst.

Gyldig vedtak krev vanleg fleirtal, dersom ikkje vedtektene krev noko anna. Ved likt røystetal avgjer møteleiaren si dobbelrøyst, unnateke ved personval der utfallet vert avgjort ved loddrekning.

Det skal førast protokoll frå årsmøtet. Protokollen skal underskrivast av to representantar valde av årsmøtet.

### **På årsmøtet skal følgjande saker handsamast:**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møteleiar.
3. Val av skrivar.
4. Val av to representantar til å skriva under møteboka.
5. Styret si årsmelding.
6. Rekneskap og revisjonsmelding.
7. Disponering av årsoverskotet, ved enten å godskriva eigenkapitalen, eller ved etterbetaling til lagets medlemmer ( iht samvirkelova §27 )
8. Budsjett og arbeidsplan for komande år, til orientering.
9. Godtgjersle til tillitsvalde
10. Val:
  - val av styreleiar for 1 år.
  - val av 2 styremedlemer for 2 år.
  - val av 4 vararepresentantar i nummerrekkefylgje for 1 år.
  - val av nestleiar
  - val av revisor
  - val av 1 medlem og 1 varamedlem til valnemnd for 4 år
- 11..Andre saker som er med i innkallinga.

## § 9 Krinsmøte.

For å ivareta parteigarane sin påverknad av drifta vert laget delt i fire krinsar:

<b>Kvam\Granvin</b>	Granvin og Kvam
<b>Fusa\Bergen</b>	Fusa, Samnanger, Bergen, Os, Sund, Fjell, Askøy, Øygarden,
<b>Osterøy</b>	Osterøy, Vaksdal
<b>Nordhordland</b>	Lindås, Meland, Austrheim, Radøy, Fedje, Modalen

Krinsmøte skal haldast minst ein gang kvart år innan utgangen av mars.

Krinsmøte vel kvart år 2 utsendingar til årsmøte for 2 år, og 2 vararepresentantar for 1 år. Innkalling og sakliste skal kunngjerast for medlemene i krinsen minst 14 dagar på førehand.

Det skal førast protokoll frå krinsmøte. Protokollen skal underskrivast av to medlemmer valde på krinsmøte.

### **På krinsmøte skal følgjande saker handsamast:**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møteleiar.
3. Val av skrivar
4. Val av to til å skriva under protokollen.
5. Informasjon om laget si drift. Innspel frå medlemene.
6. Val av utsendingar til årsmøte.
7. Andre saker som står på innkallinga

## § 10 Styret.

Laget skal leiast av eit styre på 6 medlemmer. 5 blir valde på årsmøte, 1 skal veljast av og blant dei tilsette.

Representanten frå dei tilsette kan ikkje veljast til styreleiar eller nestleiar i styret. Det skal veljast ein styremedlem frå kvar krins, totalt fire. Styreleiar blir valt fritt. Styremedlemene vert valde for 2 år om gongen.

Styret held møte så ofte leiaren finn det naudsynt eller minst tre av medlemene i styret krev det. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Har ein styremedlem forfall, skal dette meldast til laget i god tid, slik at varamedlem kan innkallast. Ved likt stemmetal avgjer leiaren si dobbeltrøyst.

### **Oppgåvene til styret.**

Styret skal leia laget si verksemd i samsvar med vedtektene og dei vedtak som årsmøtet har gjort, og skal følgje dei instruksar som er fastsette av offentleg styresmakt. Styret skal kartleggja, organisera og administrera all utleige/formidling av arbeidskraft slik at medlemmer/kundar får tenlege løysingar. Styret er ansvarleg for at heile laget si verksemd vert utført på ein forsvarleg måte. Styremedlemene kan påleggjast teieplikt i enkeltsaker.

**Vidare skal styret:**

1. Ha ansvar for at laget har tilfredsstillande økonomi, og om naudsynt fastsetje administrasjonsavgift. Forvalta laget sine midlar og leggja fram forslag om bruk av disponible midlar.
2. Førebu og gje innstilling i alle saker som skal leggjast fram for årsmøtet. Unnateke valnemnda sine oppgåver.
3. Syte for at rekneskapen er forsvarleg ført og revidert etter gjeldande reglar.
4. Ha ansvar for laget si årsmelding.
5. Utarbeida budsjett for komande år.
6. Tilsetje og seie opp dagleg leiar, og fastsetja løn og tilsetjingsvilkår for denne
7. Ha ansvar for at administrasjonen har ei bemanning og kompetanse som står i forhold til arbeidsoppgåvene.
8. Arbeida aktivt for å utvikle laget vidare, slik at medlemmer /kundar alltid får dei tenester dei har behov for.
9. Samarbeida med andre organ innan næringa for å utnytte ressursane best mogeleg, og for å styrkje landbruket i lokalmiljøet.

Det skal førast protokoll frå styremøta. Styreprotokollen skal sendast ut til styremedlemene og vararepresentantane innan 14 dagar etter kvart møte.

**§ 11 Valnemnd.**

Laget skal velja ei valnemnd på fire medlemmer, ein frå kvar krins, og fire varamedlemmer til desse. Valet gjeld for 4 år. Det går ut ein kvart år. Den som har sete lengst, fungerer som leiar.

Medlemen og varamedlemen frå kvar krins utgjer krinsvalnemnder som er underlagde valnemnda.

Valnemnda skal føreslå kandidatar til alle val, inklusive valnemnd, som skal haldast på årsmøtet, med unntak av revisor. Revisor skal godkjennast etter innstilling frå styret. Valnemnda skal innstille på godtgjersle til tillitsvalde. Årsmøtet kan fastsetja instruks for valnemnd.

**§ 12 Signatur**

Dagleg leiar har laget sin signatur

### § 13 **Twistar.**

Twist mellom laget og ein eller fleire av medlemene som ikkje vert løyst på minneleg vis, vert avgjort ved skilddom (valdgift).

Skilddomstolen er samansett av 3 medlemmer. Kvar av partane vel ein medlem, og sorenskrivaren i distriktet nemner opp leiaren. Dersom ein eller begge av partane innan ein frist som er fastsett av styret ikkje har oppnemnd sin medlem, vert vedkomande medlem oppnemnd av sorenskrivaren.

Kravet om skilddom må vera kome inn til styret innan 3 månader etter at medlem har fått kjennskap til forholdet som grunnjev kravet.

Skilddomstolen tek og avgjerd om sakskostnader.

### § 14 **Vedtektsendring.**

Endring av laget sine vedtekter kan berre gjerast av årsmøtet. Det skal stå i innkallinga til årsmøtet kva endringa gjeld. Endring krev 2/3 fleirtal av røystene på årsmøtet.

### § 15 **Oppløysing - Fusjon.**

Vedtak om oppløysing av laget vert gjort av årsmøtet. Gyldig vedtak om oppløysing krev 3/4 fleirtal av røystene på møtet. Det årsmøtet som gjer vedtak om oppløysing, skal velje eit avviklingsstyre.

For vedtak om fusjon gjeld same reglar som ved oppløysing, unnateke val av avviklingsstyre.

Oppnår ein ikkje tilstrekkeleg fleirtal på årsmøte, kan nytt årsmøte innkallast med 14 dagars varsel. Gyldig vedtak krev då simpelt fleirtal av røystene på møtet.

Ved oppløysing av laget skal midlar som er att etter at all gjeld er oppgjort fordelast på dei som er aktive medlemmer. Det skal fordelast i høve til kvar enkelt sin omsetnad siste år

**Vedtektene er godkjend av årsmøtet/skipingsmøtet den: 30.3.2007, endra på årsmøtet 28.4.2008, endra på årsmøtet 1.4.2011, endra på årsmøtet 26.3.2012 og endra på ekstraordinært årsmøte 21.11.2012. Endra på årsmøte 15.3.2016**